
Saksnr: 2021/18626-1
Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021

Jobbsjansen del B - løyving av midlar til kombinasjonsklassar i Vestland

Forslag til vedtak:

- 1 Hovudutval for kultur, idrett og integrering viser til vedlagt plan for Jobbsjansen del B - kombinasjonsklassar, og tek denne til vitande.
- 2 Hovudutvalet delegerer mynde til å disponere avsette midlar i budsjett 2021; 9,8 mill kroner til fylkesrådmannen.
- 3 Midlane skal nyttast i tråd med tidlegare vedtak, og slik det går fram av vedlagte plan for Jobbsjansen del B - kombinasjonsklassar.

Samandrag

Midlar til Jobbsjansen del B kom som del av overføring av oppgåver frå IMDi til fylkeskommunen f.o.m. 01.01.2020. Jobbsjansen del B skal bidra til betre grunnskuleopplæring for innvandrarungdom i aldersgruppa 16-24 år.

Vestland fylkeskommune nyttar desse midlane til såkalla kombinasjonsklassar som bygger på eit systematisk samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane.

Dei avsette midlane i budsjettet skal gå til å gjennomføre kombinasjonsklassar knytt til vidaregåande skular i Vestland i tråd med vedteken plan.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:
Plan for kombinasjonsklassar i Vestland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Som del av nye oppgåver på integreringsfeltet fekk fylkeskommunen i 2020 overført midlar til ordninga «Jobbsjansen - del B». I PS 18/20 fatta fylkesutvalet følgjande samrøystes vedtak:

Vedtak

1. Fylkesutvalet løyver 9,7 mill. kr til avdeling for opplæring og kompetanse til gjennomføring av ordninga Jobbsjansen del b etter dei vilkår og retningslinjer som ligg føre i denne saka.
2. For fylkesutvalet er det viktig at tiltaka i Jobbsjansen del b vert gjennomført etter ein plan, og ein ber om at ein slik plan vert referatsak i junimøtet til hovudutval for kultur, idrett og integrering og hovudutval for opplæring og kompetanse.
3. Fylkesutvalet forventar at planen viser heilskap kring ordninga og kva mål som vert sett, både kvalitativt og kvantitativt for tilbod til målgruppa.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vart orientert om arbeidet i RS 66/20 i møte 04.06.2020.

I RS 105/20 i møte 04.11.2020 vart det lagt fram plan for det vidare arbeidet; jf vedlegg. Tiltaket har i Vestland fylkeskommune fått namnet kombinasjonsklassar.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering; reglementet pkt 3.

Vurderingar og verknader

Fylkesdirektøren viser til RS-sak i dette møtet der fylkesdirektør for opplæring og kompetanse gjer greie for tiltaket meir i detalj, og set dette tiltaket i samanheng med andre relevante tiltak for å bidra til kvalifisering av flyktningar til arbeid. Løyvinga går til å gjennomføre tiltaka slik det er skissert i planen frå hausten 2020 (jf vedlegg).

Utfordring:

To store utfordringane i integreringsarbeidet er språk- og grunnskulekompetansen for ungdommar som kjem til Noreg. Som del av regjeringa si satsing på overordna mål om at innvandrarar skal komme raskt ut i vidare utdanning eller arbeid vart tilskotsordninga til Jobbsjansen del B etablert som ei ordning fylkeskommunen kunne søkje på. Midlane og oppgåva vart overført til fylkeskommunane som del av regionreforma 01.01.2020. Ungdom i aldersgruppa 16-24 år som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje har opparbeidd seg godt nok fagleg og/eller språkleg grunnlag, høyrer til målgruppa for ordninga. Gjennom dette tilbodet skal desse ungdommane sikrast betre føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring.

Gjennomføring:

Skuleåret 2019/2020 var det 120 ungdommar som gjennomførte tilbodet ved 7 vidaregåande skular i tidlegare Sogn og Fjordane. Skuleåret 2020-2021 har det vore tilbod om kombinasjonsklassar ved 9 av dei vidaregåande skulane i Vestland med 110 elevar. Fylkesrådmannen har i tråd med planen invitert alle kommunane i Vestland til samarbeid om kombinasjonsklassar. Fleire kommunar har vist interesse. For skuleåret 2021-2022 vil det, slik det ser ut no, bli starta opp kombinasjonsklassar ved 9 vidaregåande skular. Nye klassar kjem ved Voss vgs og Bømlo vgs. Det kjem også nye klassar i Bergen.

Samarbeid:

Etablering og drift av kombinasjonsklassane føreset eit avtalebasert samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane som tydeleggjer kva ansvar som ligg til kvar av partane i høve drift, sikre fagleg nivå på opplæringa, og økonomi.

Fylkeskommunen har oppretta digital søknadsportal for kombinasjonsklassane der ungdommane søker seg inn til tilbodet (ikkje til ein definert skule). I dialog med heimkommunen til søkjarane vert det så vedteke kvar desse klassane skal komme. Dette vil m.a. avhenge av søkjartal. Det er for skuleåret 2021/2022 sett eit nedre elevtal på 7 pr klasse. Ungdommane som gjer seg nytte av dette tilbodet får opplæring i eit naturleg ungdomsmiljø, og vil ikkje bruke av retten sin til vidaregåande opplæring.

Økonomi:

Saka omhandlar bruken av avsette midlar i budsjett 2021.

Klima:
Ikkje relevant

Folkehelse:

Tiltaket er retta inn mot minoritetsspråklege ungdommar i alderen 16-24 år og skal bidra til betre grunnskuleopplæring for innvandrarungdom. Målet med ordninga er å redusere fråfall frå vidaregåande opplæring. Å få fleire ungdommar gjennom vidaregåande opplæring og dermed legge grunnlag for vidare utdanning og/eller arbeid er eit godt tiltak for å redusere sosial ulikskap, og auke livskvalitet for dei det gjeld, og for samfunnet rundt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket kan koplant til fleire av måla i utviklingsplanen. I denne samanheng er mål 4 «Like moglegheiter til å delta i verdiskaping» særleg relevant. I høve FN sine berekraftsmål vil tiltaket ha både ein sosial og ein økonomisk dimensjon ved at ungdom får tilpassa tilbod om utdanning som i neste omgang kan bidra til arbeid. Tiltaket er eit av fleire for å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland under FN sitt motto «Ingen skal utelatast».

Konklusjon

Arbeidet med kombinasjonsklassar i Vestland følgjer utarbeidd plan. Avsette midlar i budsjettet vert stilt til rådvelde for gjennomføringa av tiltaket. Mynde til å disponere midlane vert delegert til fylkesrådmannen.